

Johs. Teigen  
Skarvatunvegen 275  
5637 Ølve

5. desember 2013

Hordaland fylkeskommune  
Fylkesrådmannen  
Pb 7900  
5020 Bergen

## **ULOVLEG BYGGING I FYLKESKOMMUNAL REGI**

Eg syner til vedlegg til dette skrivet, der det går fram at Hordaland fylkeskommune v/Norheimsund vidaregåande skule har bygd eit ulovleg naust for rektor privat.

Dette er bygd i strid med dåverande byggjeløyve av 18.11.2011, og i strid med avtale rektor inngjekk med nabo om storleik på naustet.

Hordaland fylkeskommune v/Norheimsund vidaregåande skule bygde eit naust der den lafta tømra veggjen vart nesten 50% høgare enn kva både avtale med nabo og byggjeløyvet av 2011 gav høve til. I vedlagde kopi av avisartikkel i BT, går det fram at

- det er skulen og lærarane som har bygd det ulovlege naustet i skuletida som ein del av undervisninga
- det er bygd som privat naust for rektor
- rektor hadde ikkje godkjenning frå overordna på å få slike tømrratenester til seg sjølv privat
- kommunen har ilagt overtredelsesgebyr for graverande avvik frå løyvet/teikningane
- elevane blir opplært til å byggja ulovleg

De vil av dei andre vedlegga til dette skriv sjå at Hordaland fylkeskommune v/Norheimsund vidaregåande skule er avsendar for rekommandert sending i juni 2013 til Johs. Teigen. Denne sendinga inneheld søknad om endringsløyve etter at den ulovlege bygginga vart påpeika. Denne endringsøknaden av juni 2013 ligg også ved, og De kan der sjå at det er rektor sin jobbmobil og jobb-mailadresse som er kontaktinfo for ansvarleg for søknaden.

I resten av vedlegga går det same fram, fylkeskommunen si mailadresse «@hfk.no» er nytta i kommunikasjonen frå Norheimsund vidaregåande skule v/rektor.

## **Etiske retningslinjer:**

I følge innleiinga i etiske retningslinjer for Hordaland fylkeskommune, har leiarar

*«eit særskilt ansvar for sjølv å følgja dei etiske retningslinjene og å sjå til at desse vert etterlevd i fylkeskommunen.»* (sitat frå retningslinjene)

Punkt 7 i retningslinjene seier følgjande:

*«Folkevalde og tilsette skal ikkje opptre på ein slik måte at menneskeverdet vert krenka eller at **omdømmet til fylkeskommunen vert skada**, eller slik at **publikum** og brukarar (elevar, pasientar m.m.) **missar tillit** til fylkeskommunen eller tenesteutøveren.»* (Mi utheving.)

- Me må kunna forventa at me kan ha tillit til Hordaland fylkeskommune.
- Me må kunna forventa at fylkeskommunen og deira mellomleiarar held inngåtte avtalar.
- Me må kunna forventa at fylkeskommunen og deira mellomleiarar ikkje føretek det som kommunen karakteriserer som graverande brot på lover og reglar.
- Norheimsund vidaregåande skule sin bruk av fylkeskommunen sin logo, og epostadresse, i tillegg til direkte informasjon om at skulen skulle lafta og setja opp rektor sitt private naust, har heile tida gjev meg som nabo eit tydeleg inntrykk av at sjølve bygginga har vore i regi av skulen og dermed fylkeskommunen.

I denne saka har ein mista all tillit til Hordaland fylkeskommune.

Punkt 8 i retningslinjene seier m.a. følgjande i siste avsnitt:

*«Fylkeskommunen sin logo, brevhovud eller porto skal aldri brukast i privat korrespondanse.»*

I vedlagde kopiar ser De at fylkeskommunen sin logo og brevhovud er nytta i skulen si melding om rekommandert sending av juni 2013. Eg oppfattar difor sjølve bygginga som eit fylkeskommunalt tiltak i ein undervisningssituasjon.

## **Om private fordeler:**

Eg kan også i tillegg visa til dei etiske retningslinjene pkt 8 som m.a. seier følgjande om gåver og fordelar m.m.:

*«... tilsette må ikkje bruke stillinga si til å skaffe seg sjølv eller andre ein urettkomen fordel. Dette gjeld også i tilfelle der desse fordelane ikkje er eigna til å påverke tenesteutøvinga eller avgjerdene.»*

For meg ser det ut som om rektor har utnytta fylkeskommunale ressursar til å skaffa seg private fordeler. Eg har ikkje, som nabo til rektor sitt naust, meiningar om dette er ei form for straffbar økonomisk utruskap, og eg har heller ikkje noko meining om dette er noko som bør undersøkjast av politiet. Det er fylkeskommunen sitt ansvar.

## Oppsummering:

Etter dei etiske retningslinjene si innleiing, siste setning, så har leiarar eit særskilt ansvar for å sjå til at dei etiske retningslinjene vert etterlevd i fylkeskommunen. Fylkesrådmannen er, som øvste ansvarlege leiar i fylkeskommunen, bunden av dei etiske retningslinjene.

Fylkesrådmannen er såleis ansvarleg for at dei etiske retningslinjene vert etterlevd av mellomleiarane i fylkeskommunen.

Eg forventar difor at fylkesrådmannen

- syt for at Hordaland fylkeskommune kjem med skriftleg beklagelse for framferda si.
- tek ansvar for å gjenoppretta omdømet til Hordaland fylkeskommune
- syt for å gjenoppretta tilliten til Hordaland fylkeskommune.
- syt for at Hordaland fylkeskommune tek ned naustet og byggjer det oppatt i samsvar med dåverande løyve og avtale med nabo. Dette bør vel elevane gjera sjølve for å ikke berre få læra å byggja ulovleg, men også å få læra å retta opp det som skulen har bygd ulovleg.

Kva annan måte kan fylkesrådmannen gjenoppretta tilliten og omdømet til Hordaland fylkeskommune, enn å gjera om att, og gjera rett, det som vart gjort ulovleg og i strid med avtale?

Eg reknar med at fylkesrådmannen held meg orientert om saka.

Med helsing

Johannes Teigen